

**Uskedelingar quiz-vinnarar**

13.05.2009

**Det vart klar seier til Tvangsgutane tysdagskvelden på restaurangen Dr. Munk på Husnes i vekas quiz-tevling. På laget er uskedelingane Øystein Enæs med sine to etterkommarar Anita Enæs og Rune Enæs, den siste busett på Husnes, med. Dei stiller saman med tre andre husnesingar**

Laget som kallar seg Tvangsgutane fekk 98 poeng og var tre poeng føre Glitnir, med også ein uskedeling mellom dei sju deltakarane.

Det har i heile år vore god oppslutning om denne populære spørjekonkurransen, opptil 23 lag. No når det nærmar seg sommar, har det avteke litt, men Tvangsgutane hadde denne gongen også likevel konkurransen av dei andre laga som har lege i toppen framover vinteren og våren. Tvangsgutane er som regel mellom dei beste.

Konkurransen er breitt samansett med spørsmål frå ting som skjer i tida, geografi, sport, historie, film, og anna, og rikeleg med musikk for musikkelskarar...

Godt tiltak som skapar interesse!

t-